

Vedlegg



**DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi- og miljøkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/592-

24. februar 2020

Representantforslag 68 S (2019-2020) om oppnevning av et offentlig naturrisikoutvalg


Eg er samd med representantane Espen Barth Eide, Else-May Norderhaug og Åsmund Aukrust i at tap av natur og svekking av økosystem utgjer ein stor økonomisk risiko, nasjonalt og internasjonalt. Denne risikoen er særleg knytt til tapet i seg sjølv, men kan òg vere knytt til tiltak for å motverke eller tilpasse seg tapet av natur. Her finst parallellar til den globale oppvarminga.

Rapporten frå Klimarisikoutvalet (NOU 2018:17) inneheldt ein god gjennomgang av klimarelatert risiko for norsk økonomi. NOU'en bidrog til å plassere klimarisiko sentralt i den offentlege debatten, og inneheldt ei rekkje framlegg som regjeringa følgjer opp.

Eg ser at det kan vere nyttig og naudsynt å styrke risikovurderingane, òg på naturmangfaldområdet. Det inneber at vi har eit klårare blick for kva ulike "verste fall"-scenario kan tyde for Noreg og den norske økonomien, og for kor sårbare eller robuste vi er viss utviklinga tek ekstreme retningar. Dette gjeld både staten og private aktørar. Eg ser difor positivt på intensjonen bak forslaget om å følge opp Klimarisikoutvalet med eit nytt utval som skal ta opp naturrisiko, altså risiko knytt til tap av natur og til tiltak for å motverke eller tilpasse seg tapet, og med eit liknande mandat. Både er globale utfordringar, og er allereie kjelder til økonomiske tap. Som representantane skriv, er det òg ein sterk samanheng mellom klimaendringar og naturmangfald: Oppvarminga trugar naturmangfaldet, og mangfaldet gjev motstandskraft mot klimaendringane.

Men det er òg skilnader mellom dei to utfordringane. Medan den globale oppvarminga er uavhengig av kvar klimagassane blir slepte ut, avheng naturtapet sterkt av typen av påverknad og kvar han skjer. Utfordringa er altså meir samansett. Det er òg slik at Klimarisikoutvalet kunne arbeide med eit konsept som hadde vore kjent i to-tre år, og der det allereie var utvikla eit rammeverk frå TCFD (Task Force on Climate-related Financial Disclosures) som utvalet kunne byggje vidare på. Sjølv om det er god grunn til å styrke risikovurderingane, òg på naturmangfaldområdet, meiner eg at det er for tidleg å vurdere om det er ei god løysing å opprette eit offentleg "naturrisikoutval" etter mønster av Klimarisikoutvalet.

Med helsing



Sveinung Rotevatn